

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-C00, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 12.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021

Tilskot til drift av kunst, scene og formidlingsaktivitet 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot – kunst, scene og formidlingsaktivitetar slik det kjem fram av saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 033/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av driftstilskot – kunst, scene og formidlingsaktivitetar slik det kjem fram av saka

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet.

Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er 7 700 000 kr i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2020 var tilsvarande ramme kr 7 700 000

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga «tilskot til drift av kunst, scene og formidlingsaktivitetar», som hadde søknadsfrist 1. mars 2021.

Retningslinene seier at ordninga skal støtte drift og aktivitetar innan det frivillige kunst, scene- og kulturformidlingsfeltet. Det er sett av 105 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden. I 2020 vart det fordelt 125 500 kr til ordninga.

Saka har vore på høyring til Alver kulturråd.

Saksopplysninger:

Uttale Alver kulturråd

Medlemstal må vere klart definert. Til dømes gjer Meland Jazzkafe ein strålande jobb, men kan, etter Alver kulturråd si meining, ikkje motta midlar som ein medlemsbasert organisasjon slik vurderinga i saksopplysninga krev.

Rådmannens kommentar til uttala

Meland jazzkafe er ikkje innstilt på utrekning av medlemstal, men vurdering av aktivitet og rekneskapstal. I retningslinjene heiter det at ordninga skal støtte driftsutgifter som administrasjon, leige av lokale, instruktør og utstyr, og er basert på medlemstal og aktivitet.

Innstilling

SØKJAR	SØKNADSSUM	INNSTILLING	VURDERING
Musikkens venner	50000	34000	Musikkens venner arrangerer konserter og bokbad og planlegg arrangement i Knarvik kyrkje og på Nordhordland Folkehøgskule i 2021. Medlemskontingent vert vektlagt positivt.
Strilaringen	6000	6000	Strilaringen er ei folkedansgruppe for Ytre Nordhordland og arbeider med å ta vare på tradisjonar for norsk folkedans, song og musikk. Ordninga skal støtte drift og aktivitetar innan det -frivillige kunst, scene- og kulturformidlingsfeltet.
Stallens visevenner	30000	23000	Ordninga skal støtte drift og aktivitetar innan det frivillige feltet. Stallens visevenner er aktiv med kurs, øvingar og treff.
Meland Sokn	8000	8000	Meland sokn arrangerer Hip hop-kurs for barn og unge. Ordninga kan støtte aktivitetar innan det frivillige kunst, scene- og formidlingsfeltet.
Strilen artist- og viseklubb	30000	0	Har ei foreining/organisasjon i kommunen sjølvstendige under-/særgrupper, vert det berre gitt tilskot etter søknad frå hovudlag. Strilen artist- og viseklubb er tilslutta Norsk Viseforum og er organisert under Ungdomslaget Nybrot. Ungdomslaget Nybrot får tilskot gjennom fleire ordningar i denne runden med kulturmidlar.
Meland Jazzkafe	45000	34000	Meland Jazzkafe arrangerer opne jazzkafear på Meieriet Frekhaug ein gong i månaden. Medlemmane betalar ikkje kontingent, men inngangspengar til arrangement.
TOTAL		105 000	

Vedlegg i saken:

01.06.2021

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2021

1563905